



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Hardanger Energi

Dato: 28.05.20

Klokkeslett: 18.00 – 19.30

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnestveit
Stig Yngve Røkenes
Atle Ulgenes
Kåre Olai Solheim
Johannes Sponheim

Sekretær:

Harald Normann Andersen

Sak 17/20: Søknad vedkomande åting av Rallarvegen 2020

Sak 18/20: Tilbod til fjellstyre om å kjøpe brukt kano

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Kåre Olai Solheim

Johannes Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. P.b. 2, 5731 Ulvik
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Sak 17/20 Søknad vedkomande åting av Rallarvegen 2020

Saksdokument:

- Søknad om tiltak for å opne Rallarvegen til 01.07.2020
- Høyring vedkomande åting av Rallarvegen

Saksutgreiing:

Det er kome søknad til Ulvik herad frå næringsverksemder i Aurland og Hallingdal om tiltak for å sikre opning av Rallarvegen til 01.07.2020.

Dette er ein todelt søknad om åting, samt fresing av rest-snø etter smelting av Rallarvegen på strekninga i Ulvik Herad (Storurdi - Klevavatnet).

Korona har slått ut næringslivet i Norge og reiselivet på Vestlandet er særskild råka på grunn av reiserestriksjonar, samt nedstigning frå 13.03.2020 til 01.05.2020.

Nasjonalt har ein anbefalt nordmenn å feriere i heimlandet. Rallarvegen har dei siste to tiåra vore ei av dei viktigaste inntektskjeldene til verksemder på Haugastøl, Finse, Vatnahalsen og einskilde verksemder i Flåm. I 2020 er Rallarvegen særskilt viktig, også for fleire verksemder, då det er venta eit nær totalt bortfall av utanlandske besökande. Utanlandske besökande er estimert å normalt utgjere over 90% av besökstala i Flåm.

Samstundes med at behovet for Rallarvegen er uvanleg stort er det rekordstore snømengder i fjellet.

For verdiskaping og arbeidsplassar er det avgjerande å sikre at Rallarvegen opnar 01.07.2020. Vidare er det naudsynt å kunne formidle ein bestemt dato i sal- og marknadsføringa som no vert gjort.

Rallarvegen kan verta den store skilnaden i år med unntakstilstand i næringa. Spørjeundersøkingar syner stor interesse blant nordmenn.

Søkjar har vald å dele søknaden fordi dei ventar at løyve til åting kan verta gjeven administrativt, medan dei har forståing for at dispensasjon/løyve til brøyting/fresing må vera ein grundigare prosess. For å oppnå effekt av åting er det naudsynt med rask avklaring, medan brøyting/fresing først vil vera aktuelt nærare planlagt opningsdato om det i det heile vert naudsynt.

Søkjar vil presisere at dei er i ein ekstraordinær situasjon som ikkje bør gje presedens for framtida.

Del 1:

Det vert soikt om løyve til å kunne starte åting av strekninga Finse - Lågheller så snøgt som råd. I samband med dette søker vi også om tillating til motorferdsel på strekninga Storurdi – Klevavatnet for å kunne utføre åting, med mørk kalk.

Del 2:

Det vert søkt om midlertidig dispensasjon for tidsrommet 15.06.2020 - 01.07.2020 frå forbodet om å brøyte strekninga Finse-Lågheller (Reguleringsplan for Finse - Lågheller (2001)).

Om det er ønskeleg så kan ein gjennomføre eit videomøte på Microsoft Teams, der dei også tar med oss villreinsinteressene. Søkjar kan være behjelpeleg med å arrangere dette. Søkjar ynskjer tilbakemelding på forventa framdrift på søknadene.

Søknaden vert av Ulvik herad handsama som ein dispensasjon frå føresegne i reguleringsplanen, Finse – Lågheller.

Heradet har tidlegare gitt løyve til åting på Rallarvegen vest av Finse. Løyvet har vert gitt som ein tidsavgrensa dispensasjon frå føresegne i reguleringsplanen for området Finse - Lågheller. Den siste dispensasjonen gjaldt perioden 2017 – 2019.

Ideelt sett burde søknaden no medføre rullering av reguleringsplanen med sikte på endring av føresegna om forbod mot åting og brøyting. Men ein slik rullering tek tid, og kan ikkje gjennomførast innan årets sykkelsesong. Ulvik herad sender difor saken på høyring, som ein ny søknad om dispensasjon frå åte-/brøyteforbodet i reguleringsplanen for Finse – Lågheller. Søknaden gjeld sesongen 2020.

Høyringsfristen er sett til fredag **5. juni** da saken må handsamast i heradsstyremøte 17. juni.

Referat:

- Ulvik fjellstyre støttar uttale frå Villreinutvalet i Nordfjella og Nordfjella villreinnemnd der dei går i mot at Ulvik herad skal gje dispensasjon frå føresegne om åting;brøyting av Rallarvegen i reguleringsplanen for Finse – Lågheller.
- I referat frå møte i Rallarvegrådet 25.05.20 kjem det fram at Finse 1222 vert stengd heile sesongen. DNT sine tilbod på Finse vert stengd fram til 1. august. På bakgrunn av dette frykter ein meir villcamping langs Rallarvegen der ein ikkje har lov. Det vert og eit stort problem med avfall og søppel etter denne aktiviteten. Når sykkelistane først er i området vil det vere vanskeleg å avgrense nemnde aktivitet.
- Tidlegare år har det vist seg at om lag 25000 sykkelistar har nytta Rallarvegen. Dagens prognosar grunna koronasitusjonen syner at etterspurnaden tilseier at opp mot 80000 sykkelistar ser føre seg at dei har planlagt å sykle Rallarvegen denne sesongen.
- Ulvik statsallmenning ligg både i Nordfjella- og Hardangervidda villreinområde. I år med dei store snømengdene vil det verta ei stor barriere for villreinen å krysse nord sør mellom desse områda om vegen vert åta;brøyta. Dette kjener ein til frå RV 7 over Hardangervidda. Ulvik fjellstyre sel villreinløyve til 30 jegerar på Hardangervidda villreinområde og tilbyr 24 jegerar jakt på Nordfjella. Etter kalving byrjar reinen å trekke/ bevege seg ut frå kalvingsområda som ligg vest i Nordfjella villreinområde. GPS posisjonar frå merka rein i Nordfjella syner at desse ynskjer å trekke sørover og inn på Osafjellet / Hardangervidda før og under jakta. Med den forstyrringa og

aktiviteten som vert ved utkøyring av kalk, åting, brøyting og auka sykling vil sjansen for at dette skjer i år vere fråverande.

Om det for framtida vert ei varig ordning at det opnast for åting/brøyting av Rallarvegen vest for Finse vil dette gå kraftig ut over rekrutteringa av nye reinsjegerar i Ulvik på den delen av statsallmenningen som ligg på Hardangervidda. Alder på jegerstanden blant dei som jaktar rein vert høgare for kvart år så me treng nye unge jegerar i reinsfjellet.

- Norge har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen. Dette ansvaret fråskriv me oss med å tillate åting/brøyting av Rallarvegen.

Vurderingar i høve naturmangfaldslova:

Føremålet med naturmangfaldsloven er at naturen skal takast vare på , ikkje berre gjennom vern av områder, men også gjennom at bruken av naturen skal skje på ein berekraftig måte. Det er viktig at dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 - 12 vert vurdert.

§ 8. Kunnskapsgrunnlaget

- I fylje Norsk institutt for naturforsking (NINA) utgjer vegar ein stor negativ effekt, og i enkelte tilfelle ein stor barriere for villreinen. Forstyrring og andre menneskeskapte element like eins.

I NINA – rapport (2013), 956 Nordfjella villreinområde, Konsekvens av planforslag for villrein, friluftsliv og reiseliv konkluderar dei i høve villrein og Rallarvegen: « *Det foregår slik det er i dag en utveksling av rein mellom villreinområdene i Nordfjella og Hardangervidda. Denne utvekslingen foregår vest for Finse (Stor verdi). Øst for Finse har trekket ikkje vært i bruk i løpet av GPS prosjektet. Utveksling av dyr mellom villreinområdene har nasjonal verdi. Det vil si at trekket i dette fokusområde er sårbart for fremtiden».* »

§ 9. Føre - var - prinsippet

- Ved å gje løyve til åting/brøyting av Rallarvegen i 2020, strekninga Finse - Lågheller (Hallingskeid) er fjellstyret redd for at det skal få alvorlege konsekvensar for villreinen på Nordfjella. Åting/brøyting av Rallarvegen vil gå føre seg på ei tid på året da villreinen nettopp har kalva, og den er særskilt var for forstyrring.

§ 10. Økosystemtilnærming og samla belastning

- Ulvik fjellstyre har vurdert det slik at den samla belastninga som økosystemet vil verta utsatt for i tiltaket ikkje er av spesiell karakter. Villreinen kan verta påførd skade.

§ 11. Kostnadane av miljøtyning skal bærast av tiltakshavar

- Er ikkje vurdert i saka.

§ 12. Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

- Eit eventuelt tiltak går føre seg på snødekt mark med minimale utslepp frå motoriserte køyretry. Støy frå maskinane kan ha innverknad på naturmangfaldet.

Framlegg til vedtak:

På bakgrunn av momenta i referatet ynskjer ikkje Ulvik fjellstyre at Ulvik herad skal gje dispensasjon frå føreseggnene om åting/brøyting av Rallarvegen i reguleringsplanen på strekninga Finse – Lågheller (Hallingskeid).

Vedtak:

På bakgrunn av momenta i referatet ynskjer ikkje Ulvik fjellstyre at Ulvik herad skal gje dispensasjon frå føreseggnene om åting/brøyting av Rallarvegen i reguleringsplanen på strekninga Finse – Lågheller (Hallingskeid).

Samrøystes

Sak 18/20 Tilbod til fjellstyre om å kjøpe bruk kano**Saksdokument:**

- Bilete og spesifikasjon

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre har fått førespurnad frå Gjert Nilsen og me er interessert i å kjøpe ein bruk kano med to padleårer. Kanoen er i aluminium og kan lett handterast av to personar. Som det går fram av saksdokument er ny pris 17.200,-. Fjellstyre har fått tilbod om å kjøpe kanoen for kr. 7.000,-

Referat:

Ulvik fjellstyre ser føre seg at det kunne ha vore behov for ein lett båt / kano på Rundavatn som ein kan leige ut til fiskarar. Denne kan og nyttast ved lågt magasin når ein skal ta inn brua mellom Vetla Rundavatn og Rundavatn. Kanoen skal låsast med kodelås. Dei som ynskjer å nytte kanoen tar kontakt med Stig Røkenes for tinging.

Utleigepris pr dag: 100,- for utanbygds, 50,- for innanbygds. Leidgetakar må sjølv ta med redningsvest.

Seljar tek hand om kanoen til fjellstyre kan transportere den til fjells.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre ynskjer å kjøpe kanoen. Daglege leiar tek kontakt med seljar, Gjert Nilsen for å få tilsendt faktura å avklare detaljer.

Vedtak:

Ulvik fjellstyre ynskjer å kjøpe kanoen. Daglege leiar tek kontakt med seljar, Gjert Nilsen for å få tilsendt faktura å avklare detaljer.

Samrøystes